



Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2412 - 18/25014

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
28.11.2018

Avvist klage på kommunens krav om eingongsgebyr for tilkopling til offentlig VA-anlegg - GBNR 23/509

Administrativt vedtak. Saknr: 324/2018

Saksutgreiing:

Viser til dykkar klage datert 05.11.2018, over kommunens krav om eingongsgebyr for tilkopling til offentlig VA-anlegg på gbnr. 23/509, gitt den 17.11.2018 med heimel i gebyrregulativet for vatn og avlaup punkt 1. Gebyret er ilagt på bakgrunn av søknad om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget.

VURDERING:

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd siste setning at «*[d]ersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.*»

Det følgjer av fvl. § 28 første ledd at «*[e]nkeltvedtak kan påklages.*»

Eit enkeltvedtak er eit «*vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer*», jf. fvl. § 2 første ledd bokstav b).

Problemstillinga rundt gebyr og klageadgang har tidlegare vore til vurdering av departementet. Justisdepartementets lovavdeling slutta seg i tolkingsutsegn av 04.02.2003 til utsenga som i dag står i Miljødirektoratets kommentar til forureiningsforskrifta § 16-1 andre ledd:

«Fastsettelsen av vann- og avløpsgebyrer for den enkelte gebyrpliktige vil som regel følge automatisk av regler fastsatt i kommunal forskrift. Dette er ikke enkeltvedtak som kan påklages, jf. forvaltningsloven § 2 første ledd b. Dersom gebyrfastsettelsen bl.a. er resultat av vedtak truffet individuelt overfor den enkelte gebyrpliktige, vil det derimot være et enkeltvedtak som kan påklages etter forvaltningsloven § 28.»

Dette inneber at så lenge det ikkje er tatt ein individuell vurdering overfor den enkelte gebyrpliktige, vil det heller ikkje vere noko klageadgang.

Meland kommune sitt gebyrregulativ er vedtatt som ei lokal forskrift og er rettsleg bindande for administrasjonen si fastsetting av eingongsgebyr for tilknytning til det kommunale vass- og avlaupsanlegget. Det går fram av gebyrregulativet punkt 1. at «[a]lle abonnentar betaler likt eingongsgebyr: kr 20 000,-.» Gebyrregulativet opnar ikkje opp for ein skjønsmessig vurdering av eingongsgebyret. Eingongsgebyret følgjer automatisk av gebyrregulativet og er såleis ikkje eit enkeltvedtak etter fvl. § 2 første ledd bokstav b.

Klagefristen er uansett oversittet.

Klagefristen er tre veker, jf. fvl. § 29. Kommunen fatta vedtak den 16.06.2017 og faktura for tilkoplingsavgifta for kommunale VA-anlegg vart ettersendt den 17.11.2017. Klagen er datert den 05.11.2018 og journalført av kommunen den 07.11.2018 – det vil si meir enn 11 månader etter at faktura blei sendt og over eitt år etter at vedtak blei fatta.

Kommunen ser ikkje grunnlag for oppreising av klagefristen etter fvl. § 31.

Vedtak

«Meland kommune avviser klage på kommunens krav om eingongsgebyr for tilkopling til offentleg VA-anlegg, journalført motteke 07.11.2018, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd siste setning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101

TØNSBERG